



Uskedalens eigen songfugl Camilla Myklebust (29) kunne i føremiddag ta plass i den knallraude Toyota som faren hennar har vunne i loddtrekning mellom abonnentane på Grenda. Det skjedde utanfor SPAR og Camilla som fekk bilen av faren kvitterte for den velkomne gåven med to gripande songar. Redaktør Håvard Sætrevik held ei lita tale der han opplyste at lokalavisa har gjeve abonnentar bilar både i fjor og i år i høve 60-årsjubileet.

Camilla var på si side overstrømmande glad får gåven, som faren så spontant gav til henne. Ho har dei siste 4 åra køyrt i ein Opel av1993-modell som neppe hadde gått gjennom EU-kontrollen i haust og som no skal vrakast.

Over syng Anita og under er ho klar for første køyreturen. Utanfor står redaktør Sætrevik, dagleg leiar i Grenda Jarle Håvik og salsleiar i Dimmelvik Bil Håvard Solheim.

Firmaet kjem til å selgja 50 nye Toyotaer også dette året, fortel Solheim.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

